

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 05.04.2022

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Marta Samland, Kenneth Vikane og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Thorleif Gjernes, Veslemøy Mjelde, Oddmund Skeie

Referent: Kaia

Sak 2022/23: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2022/24: Godkjenning av referat frå styremøte 08.03.2022. Godkjent

Sak 2022/25: Konstituering av styret.

- Leiar: Ole Gisle Vassel (valt av årsmøtet)
- Skrivar: Kaia Gulbrandsen
- Kasserar: Angunn Handegard Trå
- Nestleiar: Kenneth Vikane
- Styremedlem: Thorleif Gjernes, Marta Samland, Veslemøy Mjelde.
- Varamedlem: 1. Oddmund Skeie, 2. Ingebjørg Grøtt, 3. Liv Bente Skeie

Kasserer melder inn nytt styre i Brønnøysundregisteret.

Sak 2022/26: Egedomar:

- Herand Kulturhistoriske senter, organisering av årets sesong. Me lyser ut ei stilling som utstillingsvakt. Lager ein stillingsinstruks. Lager ein plan for enkel marknadsføring. Videre planlegging neste styremøte.

Sak 2022/27: Tilstellingar:

- Bygdedugnad 23.04.2022. Styret har laga arbeidsliste, her er arbeid for alle! Leiar avtaler arbeidsoppgåver med nokon personar på føre hand. Oppmøte på Herand kulturhus eller avtalt arbeidsstad kl. 10.00. Felles matøkt i bedehuset kl. 13.00. Velkommen med til alle!
- Generalforsamling Herand Omsorgsbustader AS, styret i bygdelaget stiller. Valnemnda til bygdelaget er og valnemnd for omsorgsbustadane.

Sak 2022/28: Økonomi:

Det er sendt søknad til kommunen om støtte til drift av lagshus og straumstøtte. Det er og sendt ein søknad til Sparebankstiftinga Hardanger på ymse vedlikehald på kulturhuset.

Sak 2022/29: Nærmiljøanlegget:

- Kommunen har innvilga søknad om at dei gjennomfører og kostar årleg kontroll av alle apparata. Kommunen har folk som er sertifisert til denne jobben.
- Sandvik Play har vore på synfaring av gummidekket, dei vil utbetre misfarginga.

Sak 2022/30: Andre saker/eventuelt:

- Kommunen har kalla inn HB, ein tomteeigar i bustadfeltet og eigar av gnr 310 for diverse avklaringar 01.04.2022.

Neste styremøte tysdag 10.05.22 kl. 19.00 på Herand kulturhus